

Reglement for Kvam ungdomsråd (revidert juni 2026)

§ 1 Føremål og oppgåver

Kvam ungdomsråd er eit rådgjevande organ i tråd med kommunelova § 5-12, 4. ledd. Ungdomsrådet skal arbeida for å skapa best mogleg ungdomsmiljø i Kvam herad, og skal ha høve til å uttale seg i saker som gjeld ungdom eller til saker som ungdomsrådet meiner er viktige. Ungdomsrådet skal ha høve til å uttala seg til desse sakene før dei vert politisk handsama og vedtekne. Ungdomsrådet kan på eige initiativ ta opp saker og fremja forslag for politiske organ i Kvam herad i saker som vedkjem born og unge. Ungdomsrådet kan arbeida med konkrete aktivitetar og prosjekt knytt til born og unge.

§ 2. Samansetjing, tilråding og val av representantar

Ungdomsrådet skal bestå av 13 ungdommar med funksjonstid på 2 år i alderen 13-20 år (Representantane skal ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet jf. kommunelova § 5-12, 3. ledd) og ein fast representant frå Kvam heradsstyre. Den faste representanten frå heradsstyret skal ikkje ha røysterett, men har møte- og talerett i ungdomsrådet, og vert valt for heile valperioden sin (4 år).

Kvam ungdomsråd skal vera sett saman slik:

- *2 representantar og 1 vara tilrådd frå Strandebarm skule*
- *2 representantar og 2 vara tilrådd frå Kvam Ungdomsskule i nummerert rekkjefølgje 1, 2*
- *1 representant og 1 vara tilrådd frå Norheimsund friskule*
- *2 representant og 1 vara tilrådd frå Framnes kristne vidaregåande skule (som har bustadadresse i Kvam)*
- *3 representantar og 2 vara tilrådd frå Kvam vidaregåande skule i nummerert rekkjefølgje 1, 2*
- *1 representant og 1 vara tilrådd frå Ungdomsbasen*
- *2 representantar og 1 vara frå Kvam kulturskule*
- *1 representantar med 1 personleg vara valt blant dei faste heradsstyrerepresentantane på det konstituerande møtet til heradsstyret.*

Det er Kvam heradsstyre som formelt vedtar den endelege samansetjinga av ungdomsrådet, men Strandebarm skule (8.- t.o.m. 10.klassetrinnet), Kvam ungdomsskule,

Norheimsund friskule (8.- t.o.m. 10.klassetrinnet), Framnes kristne vidaregåande skule, Kvam vidaregåande skule, Ungdomsbasen og Kvam kulturskule skal ha høve til å føreslå sine eigne representantar.

Val av kandidatar til ungdomsrådet skal organiserast som demokratiske val på skulane og Ungdomsbasen i løpet av august/ september. Kandidatane treng ikkje vera medlem av elevrådet ved skulen dei skal representera. På skulane er det elevrådet som organiserer valet. På ungdomsbasen er det utekontakten og «Dozerane» som organiserer valet. Det er ynskjeleg med ei geografisk fordeling, at ungdomsrådet oppfyller krava om kjønnsrepresentasjon og at alle ungdomsmiljø i Kvam er representert. Dei kandidatane som vert føreslått frå skulane, representerer skulen som dei er tilrådd frå heile «valperioden» sin.

Representantar som i løpet av funksjonstida endrar tilknyting til skule eller ungdomsbasen (til dømes ved skulebyte internt eller utanfor kommunegrensene, deltaking i utvekslingsprogram, overgang til lærlingplass, eller av andre tilsvarande grunnar), skal som hovudregel halde fram i vervet sitt ut funksjonstida dersom dei ynskjer dette.

Dette føreset at representanten framleis har folkeregistrert adresse i Kvam herad. Endring i tilknyting skal ikkje i seg sjølv vere grunnlag for å miste vervet.

Ungdomsrådet vel sjølv leiar og nestleiar.

§ 3 Møteverksemd

Møta i ungdomsrådet er opne for tilhøyrarar. Ungdomsrådet skal i fellesskap finna fram til høvelege møtedatoar og tidspunkt opp mot dei politiske møtebolane og kan i tillegg arrangera ekstramøtepunkt ut over dette.

Leiar for ungdomsrådet i lag med administrativ rådgjevar, er ansvarleg for møteinnkallinga. Dersom 1/3 av medlemmane i rådet krev det skal det kallast inn til møte. Det må vera minst 7 medlemmer av rådet til stades for å gjera vedtak.

Det skal først protokoll for kvart møte. Politisk sekretariat legg protokollane tilgjengeleg på Kvam herad si heimeside (innsyn), Ordførar og rådmann har møte- og talerett i ungdomsrådet.

Ungdomsrådet kan invitera politikarar, administrasjonen eller andre til rådsmøta for å få orientering, stille spørsmål eller drøfta saker. Representantane har sjølv ansvar for å ha kontakt med sitt ungdomsmiljø, og informera andre ungdomar om aktiviteten til ungdomsrådet.

§ 4 Oppfølging av elevråda på barne- og ungdomstrinna og dei vidaregåande skulane i Kvam

Representantane i ungdomsrådet vert fordelt som kontaktpersonar til dei ulike elevråda. Elevråda står fritt til å kalla inn representanten frå ungdomsrådet til 1 møte per kalenderår eller fleire ved behov.

5 Sekretariat

Sekretariatfunksjonen og ansvaret for Kvam ungdomsråd er lagt til politisk sekretariat v/ administrativ rådgjevar, som fungerer som koordinator og har ansvar for å støtta ungdomsrådet med tilrettelegging og opplæring.

§ 6 Vedtekter/ retningslinjer

Ungdomsrådet skal evaluera vedtektene/retningslinjene annakvart år. 4 av rådsmedlemene kan krevja at det vert gjennomført evaluering før dette.

§ 7 Årsmelding

Kvam ungdomsråd skal kvart år utarbeida ei årsmelding som skal leggjast fram for Kvam heradsstyre.